



Morten Nilsen er ekspert på Himalaya

Det var verkeleg spennvidde over den fyrste økta i føredragskroa i Gamleskulen. Erlend Hellingsrud skildra sine fjell som stort sett var i Rosendalstraktene mens Morten Nilsen presenterte sine favoritter i Himalaya! Dei 2 utfylte kvarandre på ein framifrå måte og det er å beklaga at ikkje fleire enn 20 hørde dei.



Erlend Hellingsrud er ekspert på Melderskin

Hellingsrud er ein beskjedne kar, han vil helst ikkje verta kalla naturfotograf men helst berre friluftsmann med kamera. Vi meiner at han er for beskjedne, for sjølv om han ikkje dankar ut Jan Rabben førebels er han på god veg. Fleire av bileta hans frå Melderskinmassivet nærmar seg Rabben-nivå.

Han var også innoom fleire område innover i fjorden, men diverre ikkje våre trakter.

Hellingsrud avslørte at han er verkeleg glad i 'sine' fjell og han smitter også andre både muntlg og via bileta sine.

Om Morten Nilsen klarar å lokka nokon herifrå med på sin neste tur til Himalaya neste år er eit anna spørsmål som står ope. Han skildra på fascinerande vis korleis klatreturane på verdas tak artar seg og særleg då den utruleg både vakre og dramatiske Ama Dablam. Morten har vore høgare, på Aconcagua i Sør-Amerika, men den er berre for peanuts å rekna samanlikna med tinden i Nepal.

Morten ga også eit bilete av eit land som han har vorte svært glad i. Nepal er utruleg mangfaldig og slett ikkje så problematisk å utforska som nokon trur.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Hjort i Melderskin fotografert av Erlend Hellingsrud